

Referat frå FAU- møte Motland skule torsdag 9.11.17

Til stades: Linda Tendenes (1.), Marlen Auestad (vara 1.) , Jane Iveland (3.)

Fråfall Anne Kristine Bekkeheien (2.) og representant for 4. (usikker på om det er valt)

Saker:

15/ 17 Info om FAU

Rektor orienterte om FAU sine oppgåver og verv. Saker som angår einskilde trinn tar klassekontaktane seg av.

Vara er velkommen til å møte på FAU-møte, men stemmer ikkje når trinnets representant er til stades på møtet. Vara treng ikkje ikkje melde frafall om han/ho ikkje møter. Representant må gi beskjed om vara må møte, sikre at ein frå trinnet møter.

FAU-representantar og foreldre oppmodast til å melde inn saker til FAU.

16/ 17 Konstituering nytt FAU

Leiar: Frank Jonassen

Nestleiar: Jane Iveland

Kasserar: Anne Kjersti Haveland

Sekretær: Ina E B Vigre

17/ 17 Leksehjelp

Dette blir gitt tilbod om til elevar som treng det, gis etter behov. Ca 20 elevar på 1.- 4. På 1.- 2. trinn er det lærarane som har det. For 3.- 4. trinn er det fagstillingar/ assistentar. Skulen er pålagt å ha leksehjelp, gis 2 timar 2 gongar i veka. Det har vore foreldre som har vore skuffa fordi deira barn ikkje har fått leksehjelp. Skulen opplever at ein når fram til elevar som har reelle behov. FAU støttar ordninga slik den er i dag. Rektor forhøyrer seg med lærarane på mellomtrinnet ang korleis dei ser behov for mellomtrinnet, om det på sikt kan vere aktuelt å nytte nokre ressursar her.

18/ 17 Hærverk på sykklar

Det har vore ein del hærverk på sykklar i haust. Skulen ynskjer beskjed snarast når det oppdagast hærverk. Ein har reglar for å unngå det. Vaktene følg med, og elevane får ikkje leke rundt sykkelstativa. Lærarane opplever at det er lite aktivitet rundt stativa, men det er stativ rundt skulen, og det er ikkje tilsyn over alt til ei kvar tid. Kamera kan fange opp noko, men det tar tid å sjå gjennom film, då må ein vite når noko har hendt.

Skulen har tatt opp med elevane ang kor farleg hærverk mot syklane er. Det ser ut til at det har hjelpt i denne omgang.

19/ 17 Skuleruta 18- 19

-Første (måndag 20.8.) og siste skuledag (fredag 21.6.) er låst etter skuleruta til Jærskulen.

-Fast haustferie i v 41.

-Vinterferien er fastsett av fylket.

FAU har ikkje innvendingar mot denne skuleruta.

20/ 17 Foreldreundersøkinga

Jærskulen foreslår at foreldre på 4. og 7. tar denne. Rektor foreslår at 2. trinn og tar denne, då blir alle «hovudtrinna» spurde. Foreldra vil få link på mail, med positiv oppmoding til å svare på sms.

Elevane og lærarane tar og undersøkingane. Det gir informasjon om korleis læring og skulemiljø opplevast. På elevundersøkinga opplever ein og gode resultat.

21/ 17 Eventuelt:

- Nasjonale prøver

Etter fleire år med låge resultat, har ein dei to siste åra sett at resultata betrar seg. Ein ligg no kring landsnittet i rekning , lesing og engelsk. Dette er og verdt å merke seg at skulen har ikke fritatt nokon elevar dei to siste åra (nokre skular har fått kritikk for å fritta for mange svake elevar frå nasjonale prøver).

I år gjorde skulen det best i rekning er kor ein var litt over landsnittet.

- FAU- repr. og 17. mai- komité

Forslag om å ha delt ansvar, ein representant til FAU og to representantar til 17. mai-komiteen, ein frå kvar todelingsgruppe (altså ein frå t.d. AB og ein frå CD). Slik deler ein ansvar, og det vil vere mindre vanskeleg å få nokon til å ta FAU- vervet i 6.!

-Møteplan

Fast møtedag er tysdagar kl 20- 21.30.

Datoar er 16.1., 13.03 og 5.6.

- Facebook-gruppe

Vi opprettar ei gruppe kor vi kan kommunisere (heller en Messenger som vi brukte i fjor).
Leit opp FAU Motland 2017/2018

Nærbø 9.11.17

Ina B Vigre, sekretær FAU Motland skule